

27. sept - 4. oktober 2026

Nyt haustferien i Loen

ALEXANDRA



Zipline på Hoven

Laurdag kl. 13 - 18

Fly høgt med sommarfuglar i magen! Zipline ligg berre 5 min gange frå toppstasjonen til Loen Skylift. Billett kjøper du i Fjellbutikken i 2. etg. på Loen Skylift fjellstasjon. Vektgrense min 30 kg / max 120 kg. Kr. 680 pr. person. NB: Zipline kan bli stengt på kort varsel på grunn av vêrforhold.



Natursti med premiar

27. sept - 11. oktober

Natursti med overraskingar til barna og trekning av dagens premie. Alle deltakarar er med i trekning av hovudpremien: Eit døgnsoverhold på Hotel Alexandra for 2 vaksne og inntil 3 barn. Inkl. middag og frukost, samt inngang i Alexandra Bad. Deltakar skjema i resepsjonen (kr 50).



Moro og magi

3. og 4. oktober

Erik Mogeno, kjent frå «Norske Talenter», vil underhalde heile familien i haustferien.

16:30: Trylleskule. Maks 30 per gong.

Passar for barn 6-12 år. Påmelding i resepsjonen same dag.

20:30: Familieshow med trylling, buktaling og humor. (60 min)

OPNINGSTIDER

07:00 - 10:30 Frukost

08:00 - 20:00 Alexandra Bad & SPA

12:00 - 17:00 Markus Café

12:00 - 20:00 Café Zandra

17:00 - 24:00 Bar i Salong Ida

19:00 - 21:00 Middag

19:30 - 20:30 Barsedisco

Frukost og middag serverast i Restaurant Charlotte



Barsedisco

Alex Dancing

2. - 4. okt kl. 19:30 - 20:30



Kjekt innandørs

Aktivitetsavdeling med biljard, snooker, bordtennis, shuffleboard, airhockey, spinning og styrketreningsrom. Brettspel og spelekort til utlån. I underetasjen finn du også eit stort og spanande **leikerom** for dei minste barna. Besøk også aktivitetssenteret **Loen Play** for meir moro!

Alexandra Bad & SPA • Ope dagleg: 08:00 - 20:00

Stor **badeavdeling** der du kan symje både inne og ute. Her finn du også boblebad, plaskebasseng og vannsklie med «magesug». Inkludert i prisen for alle buande gjester. Born under 15 år kun i følge med vaksne.

I vår **SPA-avdeling** kan du velge i eit breitt spekter av behandlingar som passar både kvinner og menn. Inngang buande pr. pers. kr. 320,- pr. dag. Behandlingar kan tingast på tlf. 5083 eller i SPA-resepsjon. Aldersgrense for SPA er 18 år.



Kombiner bad og lunsj

Etter ein dukkert i bassenget smakar det ekstra godt med eit godt måltid i vår nyrenoverte Café Zandra.

Ope dagleg: 12:00 - 20:00



Via Ferrata Loen



Loen Marina - splitter nytt aktivitetssenter

Velkomen til vårt nye aktivitetssenter - idyllisk plassert på marinaen nedanfor Hotel Alexandra. Her er det enkelt å komme seg ut på vatnet, enten du ønskjer ein roleg padletur eller ein aktiv dag med familie og venner.

- Guida turar i kajakk
- Utleige av kajakk (utan guide)*
- Utleige av sykkel, el-sykkel, SUP og trøbåt
- Via Ferrata med instruktør
- Utleige av klatreutstyr til erfarne klatrarar

* Utleige av kajakk kun til dei med sertifikat tilsvarande VåttKort.

Booking av aktivitetar på loenactive.no,
post@loenactive.no • Tlf. 57 87 58 00



NORGES LETTASTE TOPPTUR

Loen Skylift og Hoven Restaurant held ope kvar dag, så ta Norges lettaste topptur i haustferien. Vandre på dei fine turstiane, gå på vardevandring ilag med barna, prøv zipline eller berre slapp av framfor peisen med utsikt over fjellheimen. I veke 40 og 41 har buande gjester ved Hotel Alexandra **10% rabatt** på Loen Skylift tur/retur eller ein veg for inntil 2 vaksne, eller familiebillett (2 vaksne + 2 barn). Verdikupong får de i resepsjonen.

Kvar dag i haustferien: Vardevandring på Hoven

Sjå meir på loenskylift.no/haustferie



LOEN PLAY

Leik og moro, midt i Loen!
Fjordvegen 1100, 6789 Loen



**Aktivitetar
for alle barn!**

**LAURDAG
OG SØNDAG**

11 - 19

(Kafé 11 - 18)

For meir info,
sjå loenplay.no

